

ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

i Lagsrommet i Rosenkrantz' gate 8

Tysdag 24. februar 2026



SAK 1 – OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: Innkalling og saksliste blir vedtatt.

1.2 Val av møteleiar

Framlegg til vedtak: Elise B. Haugsten Thomassen

1.3 Val av skrivar

Framlegg til vedtak: Ane Magrete Valseth og

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Framlegg til vedtak: Blir gjort i møtet.

1.5 Val av teljekorps

Framlegg til vedtak: Blir gjort i møtet.

SAK 2 – ÅRSMELDINGAR

Vedlegg: 02 Årsmeldingar 2025

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

2.3 Melding frå Bunadsnemnda

Framlegg til vedtak:

Meldingane blir vedteke slik dei er lagt fram.

SAK 3 – REKNESKAP OG BALANSE 2025

Vedlegg: 03 Rekneskap og balanse 2025

Framlegg til vedtak:

Rekneskapen og balansen for 2025 blir vedteke slik dei er lagt fram, med atterhald om endringar i samband med revisjon av rekneskapen til BUL (hovudlaget).

SAK 4 – ARBEIDSPLAN 2026

Vedlegg: 04 Arbeidsplan 2026

Framlegg til vedtak:

Planane for 2026 blir vedteke slik dei er lagt fram.

SAK 5 – MEDLEMSPENGAR 2026

Med innføringa av eigne grunnkurs om onsdagane hausten 2024, vedtok styret å ta ein fotskatt på kr. 100,- pr. kurskveld for dei som ikkje er medlemmar. Styret foreslo å halde fram med denne praksisen i 2025 og 2026. Imidlertid har styret erfart at differansen mellom pris på tirsdaysøvinga og grunnkurs er unaturleg. Det er ein høgare pris for eit grunnkurs utan honorert instruktør, der instruktøren heller ikkje har spisskunnskapar i dansen han underviser i. Me ynskjer å halde fram med ein praksis der det løner seg å vere medlem, men foreslår å endre prisen så dei to kursa har lik pris. Grunna prisøkninga i samfunnet, ynskjer me å auke prisen på tysdagene til 100 kr, framfor å sette ned prisen til 70 kr på grunnkurs.

Annan informasjon om medlemskap i Leikarringen:

Faktura for medlemsavgift blir sendt på e-post (ein gong per år) frå BUL, i januar eller ved innmelding. Alle medlemmar får tilsendt nyhende-brev omlag ein gong i månaden om aktiviteten i Leikarringen og andre aktuelle tilskipingar.

Medlemsfordelar:

- Kaffistova: 10 %
- Heimen Husfliden i Arbeidergata og GlasMagasinet på Stortorget, på hyllevarer: 10 %
Rabatten gjeld ikkje for syng av bunader, bestillingsvarer eller salsvarer. For å få rabatten må ein vise fram gyldig medlemskort i kassa.
- Bondeheimen: 15 %
Vis til medlemskap ved booking av rom på telefon eller e-post.
- Det Norske Teatret: 20 %
Bruk rabattkode medlem for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billetter per medlem.
- Comfort, Quality og Clarion-hotell i Noreg: 20 %
Bruk rabattkode 66457 ved reservasjon på www.nordicchoicehotels.no
- De Bergenske (hotell i Bergen): 15 %
Bruk rabattkode NORUNG456 ved reservasjon på <https://www.debergenske.no>
- Fiken rekneskapsprogram: 15 %
For å nytte medlemsfordelen oppgir du Noregs Ungdomslag og medlemsnummeret ditt ved bestilling.
- Oslo sportslager: På sportsutstyr etter gjeldande avtale
- Bondeungdomslaget har to hytter som medlemer kan leige til gode prisar.

Framlegg til vedtak:

Medlemspengane for 2026 og 2027 forblir uendra på kr. 300,- Dette kjem i tillegg til medlemspengane til hovudlaget.

Ikkje-medlemmar kan delta på tysdagsøvingane i Leikarringen mot ein fotskatt på kr. 100,- pr. øving, og grunnkurs på kr. 100,- pr. kurskveld.

SAK 6 – Medlemsstøtte

Bakgrunn:

Å søke støtte hos Leikarringen for å delta på kurs eller tilstellingar har lenge vore ein moglegheit for medlemmane våre, som mange nyttar seg av. Styret i leikarringen ynskjer å lufte kriteria for kva ein kan søke støtte for. I dag innvilgar styret støtte ut i frå to kriterium; [1] det må være ein medlem som søker, og [2] kurset eller tilstellinga må komme ringen til gode.

Styret har kjent på at mange søker støtte, men at det ikkje kjem ringen til gode på sökaren sitt eige initiativ. Dette til dømes ved å vere aktive medlemmar som deltar på tysdagsøving, stillar som frivillig eller på andre måtar bidreg inn i ringens samhold og kompetanse. I tillegg ser vi at summane som vert delt ut etterkvart er større. Nokre av søknadene sendt på bakgrunn av årsmøtet sin prioritering av budsjett, slik som Isleik, andre er kurs på eige initiativ. Styret i Leikarringen ynskjer å spørre årsmøtet om nokre innspel på kva for kriterium me skal stille til dei som søker støtte og korleis me skal prioritere dersom søknadssummane overstig budsjettet.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Styret tek med seg innspela frå årsmøtet i sitt vidare arbeid

SAK 7 – BUDSJETT 2025

Vedlegg: 07 Budsjett 2025

Styret sitt framlegg til vedtak:

Budsjettet blir vedteke slik det er lagt fram.

SAK 8 – Endring av styringsføresegner

8a:

Bakgrunn:

På årsmøtet i 2025 blei det vald inn ein styremedlem grunna betrakteleg auke i aktiviteten over fleire år, og eit særskilt behov for ein dedikert person i styret med ansvar for økonomien. Dette har fungert godt i året som har gått og styret ynskjer derfor å gjere ei lovendring som gjev rom for fleire faste styremedlemmar. Etter råd frå hovudstyret i laget foreslår styret ei formulering som gjev rom for opp- og nedskalering i tal på styremedlemmar i samsvar med aktiviteten i Leikarringen.

Leikarringen si lov, vedtatt 28.02.23, seier:

§ 4 – Styret

I styret for Leikarringen sit leiar og fire styremedlemmer med inntil to varamedlemmer, 1. og 2. vara. Leiaren vert vald for eitt år. Dei andre i styret vert valde for to år, to og to på annakvart årsmøte. Varamedlemmene står på val kvart år. Styret vel seg imellom nestleiar, kassastyrar, og skrivar. Styret er vedtaksført når fire styremedlemmer er til stades.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Paragraf §4 i lova vert endra til å ha ei formulering som gjev rom for å auke og minke talet på medlemmer i styret i samsvar med aktiviteten i Leikarringen. Vedtaket trer i kraft frå dato for vedtaket, slik at ein vel leiar, fem styremedlemmar og to varamedlemmar på årsmøtet 2026. For å gjere dette, må også lova endrast slik:

Framlegg til endring i lova:

§ 4 – Styret

I styret for Leikarringen sit leiar og 3-5 styremedlemmer med inntil to varamedlemmer, 1. og 2. vara. Leiaren vert vald for eitt år. Dei andre i styret vert valde for to år. Varamedlemmene står på val kvart år. Styret vel seg imellom nestleiar, kassastyrar, og skrivar. Styret er vedtaksført når tre styremedlemmer er til stades.

8b:

Bakgrunn:

Framveksten av Leikarringen har vore merkbar dei siste åra, og styret har arbeidd med å auke frivilligheita i ringen. Me ynskjer å nytte oss av kompetansen hos medlemmane, der han er nyttig. Derfor ynskjer me å opne for ei meir fleksibel bunadnemnd, når det kjem til tal på personar i nemnda.

Leikarringen si styringsføresegner, vedtatt 28.02.23, seier:

§ 6 – Bunadnemnd

Leikarringen har ei bunadnemnd med tre medlemmer, valde på årsmøtet. Nemnda vel leiar seg i mellom. [...].

Styret sitt framlegg til vedtak:

Paragraf §6 i lova vert endra til å ha ei formulering som gjev rom for å auke og minke talet på medlemmer i bunadnemnda i samsvar med aktiviteten i Leikarringen. Vedtaket trer i kraft frå dato for vedtaket, slik at me kan velje opptil 4 nemndmedlemmar på årsmøtet 2026. For å gjere dette, må også lova endrast slik:

§ 6 – Bunadnemnd

Leikarringen har ei bunadnemnd med 3-5 medlemmer, valde på årsmøtet. Nemnda vel leiar seg i mellom. [...].

SAK 9 – VAL

Vedlegg: 09 Liste – val til Rådet i Leikarringen 2025

Valnemda si innstilling vil bli delta saman med vedlegga